

SNERTEN

Infoskriv nr 2 frå Norsk Langeleikforum september 2010

Gode langeleikentusiastar!



Norsk langeleikforum sitt fyrste årsmøte blir halde den 25.sept. kl.1700 på Valdres Folkemuseum på

Fagernes i samband med Munnharpe- og langeleikfestivalen. Vi har i dag 35 betalande medlemmer, og vi håpar så mange som mogleg av dei vil koma.

På årsmøtet vil det bli vanlege årsmøtesaker med bl.a. val av nytt styre, godkjenning av budsjett og gjennomgang av handlingsplan for komande år.

Har du saker du vil skal behandlast på årsmøtet, kan du sende dette til styret på langeleikforum@gmail.com eller til Norsk langeleikforum, Granstien 40, 2817 Gjøvik. Desse må vera sendt oss innan 11.sept.

Snerten helsing
Leiaren

Munnharpe- og langeleikfestivalen 24. - 26.september 2010



Set av denne helga til kurs og konsertar! Vi samlast på Valdres Folkemuseum på Fagernes frå klokka 18.00 fredag 24.september. Programmet finn du digitalt på langeleikforum.no og munharpe.no eller vedlagt i posten. Her finn du også

påmeldingsskjema til kurs, konsertar og måltid. Vel møtt!

Heimeside

Vi har oppretta ei heimeside til forumet. Denne finn du på www.langeleikforum.no.

Kom gjerne med innspel og aktuelt stoff til sida. Send til Sigurd Braathen: webansvarlig@langeleikforum.no.

Kom også med forslag til logo!

Snerten, kva er no det?

- Blekka frå Norsk Langeleikforum
- Snertin - lett og kjapp på foten eller handa
- Noko vi brukar til å spele på langeleiken med, no for det meste laga av kuhorn, men tidlegare og brukt snertlaga av Solidox plasttannbørste, helst RAUD
- Plekter
- Sprett blir brukt på Gjøvik, kanskje er/var dei meir spretne her??
- Trepinne til å spela med, Oud tyder tre og trepinne blir brukt som snert eller plekter til å spele på det arabiske instrumentet Oud
- Fjørøpinnin har det ove nemt som, tyder på at det kan ha vore brukt fuglefjør av td. gås. Orrfuglfjør fungerer og bra!

Kva brukar dei i andre land, td på epinette i Frankrike?

Kom gjerne med fleire innspel om materialutval og korleis det blir brukt andre stader i verda!

Glimt frå Strunkeveko:

I år var det 6 ivrige langeleikjenter som deltok på Strunkeveko,. Med ein aldersspredning på 10-17 år og med 0 - 8 års speletid var det godt å vera 2 lærarar. Læringsviljen var stor og dei fleste fekk lært seg 8-10 nye låttar. Dans til langeleik vart det, både i timane, på dansekveld på folkehøgskulen og ikkje minst på museet. Det vart dei stor oppleving for alle å stå midt på golvet og kjenne at golvet gynga av alle som dansa rundt! Sjokoladekappleiken Sirkus Strunkano var og eit høgdepunkt med premiering for beste kostyme, og Knut og Marit fekk synt fram sine grasiøse jazzballettsteg til ålmen humring... Bilder frå Strunkeveko finn du på heimesida!

Smått og stort:

Marit Karlberg og Anders Røine kom med ny CD under Jørn Hilmestemnet. Løp og kjøp!

Brøtagutadn deltek på CD med **Hallgrim Berg og Erik Røine**, det blir konsert og plateslepp under Munnharpe- og langeleikfestivalen på Fagernes.

Ole Aastad Bråten deltok på tingingsverket til Frode Fjellheim på Jaslangen under Jørn Hilde-stemnet.

Elisabeth Kværne hadde konserten Grålysing med **Tellef Kvifte og Håkon Asheim**, og med **Evert Kluter** frå Nederland som gjestartist med sine flottedansedokker!

Ingebjørg Hegge Bratrud og Synnøve Hegge Sæta var flotte representantar for langeleiken under jubileumskonserten for Jørn Hilde.

Gunvor Hegge skal halde kurs / workshop på Calgary Scandinavian Folkdance & Music Workshop i Canada i september.

Nordisk Harpetreff/ Nordic Harp-meeting

Dette blir i år på Gjøvik! Det er tredje året at dette treffet blir arrangert av eit nettverk av ivrige harpespelarar fra heile Skandinavia, og med greiner til Tsjekkia, Tyskland og Nederland. I 2009 var det samling i Finland med mykje fokus på finsk kantelespel. Så i år i Norge , et det naturleg at fokuset er langeleikspel, eit instrument som har den eldste ubrotne tradisjonen i overføring av låttar som det og er naturleg for harpespelarar å ta fatt i Det blir foredrag , "workshops", "spelstuga"= slåttebyte, konsertar og mange trivelege nye samspelsformer! Så sett av helga 4. -7.november og kom til Gjøvik!

Men først: Kom på munnharpe- og langeleikfestivalen på Fagernes!

MUNNHARPE- & LANGELEIKFESTIVALEN 2010

Valdres Folkemuseum, Fagernes, 24. – 26. september



Fredag 24. sept.

18.00-19.30 **Registrering og påmelding**

Kjøp og salg: instrument- og CD-marked

19.30 - 21.00 **VELKOMMEN. Fellesmiddag med nye og gamle venner**

21.00 - 21.45 **MUNNHARPE OG LANGELEIK I SKJØNN FORENING**

Marit Karlberg, Rolf Karlberg og Magne Olav Selland

Konsert med valdriser.

22.00 - 22.45 **MED DANSEFOT OG LYDARLETE**

Erik Røine og Hallgrim Berg

Munnharpe i solo og samspill.

Med **“Brøtagutadn”** (Knut og Ole Aastad Bråten) på langeleik.

Ny CD lanseres!

23.00 - 01.00 **Hyggelig samvær, solospell, samspill og jam.**

Lørdag 25.sept.

10.00 - 12.00 **KURS I MUNNHARPESPILL**

1. Nybegynnere

Instruktører: **Sigbjørn Solbakken, Bernhard Folkestad**

2. Litt øvede og viderekomne

Instruktører: **Rolf Karlberg og Veronika Søm**

3. Mesterklasse

Instruktør: **Anders Røine**

10.00 - 12.00 **KURS I LANGELEIKSPILL**

1. Nybegynnere

Instruktører: **Björg Berge, Gunvor Hegge**

2. Viderekomne

Instruktører: **Magnhild Karlsrud, Turid Berge**

3. Mesterklasse i Valdrestradisjon

Instruktør: **Ole Aastad Bråten**

4. Mesterklasse i Telemarktradisjon

Instruktør: **Kari Lønnestad**

10.00 - 12.00 **MUNNHARPE OG LANGELEIK I FRI DRESSUR OG**

EKSPERIMENTERENDE SAMSPILL (Bare lørdag!)

Dette er tenkt å ha form som organisert buskspel for deg som ikke føler at du har lyst til å gå på et nytt kurs, men isteden vil utøve munnharpespill.

Vi håper å høre resultater herfra på dugnadskonserten!

Veiledere: **Svein Westad og Marit Steinsrud**
- og sveivende innom kommer også **Erik Røine**.

12.00 - 13.00 **Felles lunsj**

13.00 - 15.00 **Alle kurs fortsetter**

15.00 - 15.45 **LANGELEIKEN INN I DET NYE ÅRTUSEN**

Anders Røine forteller om utviklingen av en mer fleksibel langeleik.

16.00 - 16.45 **DANSEDUKKER FOR LANGELEIK OG MUNNHARPE**
– en global og lokal tradisjon

Elisabet Kværne forteller og viser dansedukker i bruk sammen med **Svein Westad**.

17.00 - 18.00 **Årsmøter for Munnharpeforum og Langeleikforum**

19.00 - 20.30 **Fellesmiddag**

21.00 - 22.00 **Konsert 1: Festivalmusiker Anders Røine:**
“SCENEN ER DIN, ANDERS!”

22.00 - 23.00 **Konsert 2: Fokus på langeleik:**
“SNERTENS MESTRE”

Knut Aastad Bråten, Elisabeth Kværne og Gunvor Hegge

23.00 - 24.00 **Konsert 3:**

Dugnadskonsert med munnharpe og langeleik:
“BEGRENSET SLÅTTETILFANG – GRENSELØST
ENGASJEMENT!”

24.00 - ??? **Åpen scene:**

“ETTERNØLERENES SJANSE”

Dansespel, buskspel, jamming, slåttebytte, instrumenttrading, langeleikskryt, munnharpejugging og hyggelig samvær

Søndag 26. sept.

10.00- 12.00 **Alle kurs fortsetter**

12.00- 13.00 **Oppsummering og avreise.**

Arrangør: Norsk Munnharpeforum (NMF) og Norsk Langeleikforum (NLF)
i samarbeid med Valdres folkemusikklag og Valdres Folkemuseum

Overnatting:

Fagernes Camping har både leiligheter og hytter i mange storleikar.

Fagernes Camping, Tyinvegen 23, 2900 Fagernes

Tlf: +47 61 36 05 10 +47 61 36 05 10 , E-post: post@fagernes-camping.no

Quality Hotel & Resort Fagernes, 995,- per natt i enkeltrom inkl. frukost.

Hugs å seia at det gjeld munnharpefestivalen og Valdresmuseas avtale med hotellet, når du bestiller rom.

Quality Hotel & Resort Fagernes, 2900 Fagernes

Telefon: +47 61 35 80 00 +47 61 35 80 00 , E-post: qr.fagernes@choice.no

Fagerlund Hotell tek 790 kr per natt i enkeltrom med bad, inkl. frukost.

Fagerlund Hotell, Jernbanevegen 3, 2900 Fagernes,

Telefon +47 61 36 18 58 +47 61 36 18 58 , E-post info@fagerlundhotell.no

PRISAR OG PÅMELDING

KURS OG KONSERTAR. Kryss av det du ynskjer:	Pris:
<input type="checkbox"/> Enkeltbilletter fredag	150,-
<input type="checkbox"/> Enkeltbilletter laurdag	200,-
<input type="checkbox"/> Festivalpass medlemmer, alle kurs og konsertar	350,-
<input type="checkbox"/> Festivalpass ikkje medlemer, alle kurs og konsertar	500,-
<input type="checkbox"/> Festivalpass studenter/barn, alle kurs og konsertar	200,-

MAT

NB!! Kafeteriaen vil ha all bestilling av rettane under minst ei veke før.

<input type="checkbox"/> Fredagskvelden: Majel med flatbrød	145,-
<input type="checkbox"/> Lunsj laurdag: Grovbrødsnipp	105,-
<input type="checkbox"/> Festmiddag: dampa aurefilet med smørdampa gulrot, poteter og Strandefjordsmør	215,-
<input type="checkbox"/> Dessert: frisk fruktsalat med wienerkrem	95,-
<input type="checkbox"/> Pris for full pakke med mat	560,-

Å betala til kto.nr: 1503.14.71807

Dersom du går på ein spesiell diett pga. cøliaki, diabetes eller av andre årsaker, kan du skrive det her:

Send bestillinga tilbake til langeleikforum@gmail.com eller til Norsk langeleikforum, Granstien 40, 2817 Gjøvik.

Innkalling til årsmøte Norsk langleikforum 25.09.2010

Årsmøtet blir på Fagernes kl 17.00 i samband med Munnharpe- og langleikfestivalen på Valdres Folkemuseum.

Sakliste

- 1- Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2- Val av møteiar, skrivar og to representantar til å skrive under på protokollen
- 3- Godkjenning av årsmelding
- 4- Behandle innkomne saker
- 5- Fastsette medlemsavgift
- 6- Vedta budsjett
- 7- Behandle handlingsplan
- 8- Val av styre

Desse er på val:

Leiaren Turid Berge

Skrivaren Gunvor Hegge

Styremedlemmet Ingar Ranheim

Vara - medlemmene Kari Hagaseth, Elisabeth Kværne og Bent Åserud.

- 9- Val av revisor
- 10- Val av valkomite
- 11- Logo
- 12- Evt. innkomne saker
- 13-

Saker som skal takast opp på årsmøtet må vera styre i hende innan 11.sept. Saker sendast til langeleikforum@gmail.com eller til Norsk langleikforum, Granstien 40, 2817 Gjøvik.

Med snerten helsing

Styret
Norsk langleikforum